

Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen

Tid og stad	Mandag 15.05.23 kl. 09-14, Finstuen, Bikuben kurs- og konferansesenter
Til stade	Linda Haugland (FFO), Eli Sjø (FFO), Torveig Botnen (Pensjonistforbundet), Michael Sønnesyn (FFO), Reidun Tjønn Rinde (FFO) til kl. 12, Raymond Lie (RIO), Everline Mjømen (Vestland Innvandrerråd), Atle Grung Eide (Kreftforeningen), Øivin Ask (SAFO), Trude Aarseth (FFO) Merete Eide Hernes, Seksjon for samhandling (referent)
Fråvær	Ulrikke Tranberg (SAFO)

Saksnr	Saka gjeld
23/43	Velkomen Godkjenning av referat, innkalling og dagsorden Avgjerd: Innkalling og dagsorden er godkjent. Referat er godkjent med eit tillegg til sak 23/32.
23/44	Kva rører seg i sjukehuset? Orientering frå viseadministrerende direktør Randi-Luise Møgster om følgjande saker: Helsefellesskapet Helsefellesskapet har hatt sitt første partnerskapsmøte i april, der ordførarar, rådmenn, kommunaldirektørar og administrerende direktørar i sjukehusa deltok. LION sjukehus for ortopediske og nevrokirurgiske pasientar blei opna i Lilongwe i Malawi i april. Avdeling for internasjonalt samarbeid og Trond, Marit og Louise Mohn har vært viktige bidragsytarar for å få dette til. Rettssak protonterapi Helse Bergen frikjent av lagmannsretten i ankesak; domsavgjersle 18.april. Helse Bergen får også dekket sakskostnader. Nøkkeltal: Det er stor auke i tilvisingar både for somatikk, barn og unge, psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. For psykisk helsevern og somatikk ser ein at fleire av desse blir vurdert utan rett til helsehjelp, men i rusbehandling går dette talet ned. Sjukefråværet er framleis høgt, men korttidsfråvær har gått ned. Nytt heroinassistert behandling, Helse Bergen har fått ansvar for dette. Rus- og avhengigheitsmedisin skal lokaliseras på Engen. Nytt lovutval ser på tvangsløvgivinga. Nokre gangar er tvang einaste moglegheit, og må vere ramma rundt pasienten med mykje omsorg i. Randi-Luise undersøker høringsfristar – og at Brukarutvalet får komme med innspel. Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen, og tar den til orientering.</i>
23/45	Gjennomgang av prosjektlista ved Geir Egil Pedersen, Prosjektkontoret <u>Universell utforming</u> – ivarettatt gjennom teknisk byggeforskrift. Ansvaret ligger på byggherre og på arkitekt. Eigen prosjektgruppe i Helse Bergen jobbar med dette –

	Michael frå Brukarutvalet er med her. Legg også til rette for tilsette med funksjonshemming. <u>Materialval på ledelinjer</u> – Michael skal sende informasjon om kva Bergen kommune har brukt. <u>Parkering</u> – det vil ikkje vere fleire handikap-plasser tilgjengeleg før 2024 grunna heisprosjektet. Ved Augebygget kjem det til å forsvinne parkeringsplassar, når ein startar arbeidet med psykisk helsevern/rus i KK-bygget. Parkeringsutvalet – burde det vere brukarmedverkar her? <u>Mobilitetsplan</u> – det jobbas med å få på plass en mobilitetsplan saman med kommune og fylkeskommune som skal sjå på kommunikasjonsforhald for mjuke trafikantar, både mot kollektivtrafikk og gjennom Sentralblokka/ på sjukehusområdet. <u>Pågåande arbeid</u> – Kreft inn i IKT-bygget, utbetringar på Sandviken og innflytting i Glasblokkene til hausten. Nordås blir eit viktig prosjekt for Brukarutvalet å vere med på. Ein må også sjå på moglegheita for å legge til rette for stallebord for vaksne med takheis i Sentralblokka. Avgjerd Brukarutvalet takkar for informasjonen og tar den til orientering. Koordinator vil sende ei førespurnad om brukarmedverkar i Parkeringsutvalet.
23/46	Høyringsinnspel; NOU 2023:8 Fellesskapets sjukehus Mange av vurderingane og forslaga i rapporten er relevant for alle nivå i helseføretaket. Brukarutvalet fekk eit kort overblikk over kva NOU-en handlar om og kva som er prosessen vidare. • Det er invitert til opent høyringsmøte i sjukehuset 25. mai. • Stabsmiljøa i sjukehuset er også involvert i høyringsprosessen. • Høyringsutkast skal vere klart til styremøte 19.juni, og må difor sendast ut 12.juni. • Frist for Helse Bergen å sende høyringsinnspel er 30.juni Avgjerd: Simon Øverland inviterast tilbake til Brukarutvalet 12.juni for å få høyringsinnspel frå Brukarutvalet. Om mogleg skal førebels høyringsutkast sendast ut på førehand. Brukarutvalet får også tilsendt ein film der leiar for utvalet har ein gjennomgang av rapporten.
23/47	Høyring NOU 2023:5 Kvinnehelseutvalet ved Nina Sofie Lem Samuelsen, jurist i Føretakssekretariatet Brukarutvalet fekk informasjon om mandatet til Kvinnehelseutvalet, kva dei vurderer er utfordringsbildet og kva tiltak dei foreslår som er relevante for spesialisthelsetenesta. Utgangspunktet for NOU-en er at menn og kvinner lever ulike liv, og har forskjellar i biologi. Denne store forskjellen kan ikkje oversjåast viss vi skal sikre helse- og omsorgstenester av god kvalitet til alle.

Kvinnehelseutvalet peiker på 4 hovudområde der det er manglande anerkjenning av kjønnsforskjeller i helse:

- 1. Kvinners helse har lav status:**
- 2. Mangelfull samordning gir dårlegare helsetenester – ingen fagorgan har et særskilt og overordna ansvar for arbeidet med kvinners helse**
- 3. Sviktande kunnskapsbru er eit hinder for at kunnskap når frem til tenestene**
Vi har meir kunnskap i dag, men klarer ikkje å formidle denne ut i tenestene, eksempel ulike symptom på hjerneslag
- 4. Kvinners stemme blir ikkje høyr**
Blir ikkje sett, høyr og tatt på alvor i møte med helsetenestene, foreslår ulike tiltak for å styrke kvinners brukarmedverknad og innflytelse, mellom anna

Kvinnehelseutvalet foreslår det settast av 1 milliard for dei 75 ulike tiltaka i rapporten.

Helse Bergen sitt utgangspunkt: Kvinnehelse er viktig og ein gir ein generell støtte til utvalets arbeid. Relevante tiltak for sjukehus er

1. Tiltak som skal styrke spesialisthelsetenestas tilbod for sjukdommar som typisk rammer kvinner
2. Tiltak som skal auke kunnskapsgrunnlaget om kvinners helse
3. Tiltak overfor pårørande

Helse Bergen har lagt vekk på tre områder; økt satsing på forskning som eit av de viktigaste tiltaka for å styrke og sikre utvikling. Ulike områder som gjelder KK sitt fagområde; fødselsomsorg, endometriose, adenomyose mm. Å prioritere svangerskaps- og fødselsomsorg uavhengig av bustad.

Innspel og diskusjon i møtet:

Treffer godt på utfordringsbildet, men trur det er enno større enn det som er skissert. Fleire har behov for auka omsyn ved svangerskap- og fødselstilbod for alle som har kroniske lidningar. Kapittel 14 – pårørande – også få med at gravide kvinner kan være pårørande, og ikkje berre om dei sjølv har ein diagnose. Behov for avlastning og praktisk bistand.

Forebygge i staden for å reparere. Rettigheitar for omsorgspersonar – saknar konkrete tiltak på dette. Informasjon om rettigheiter – f eks moglegheita for å få pleiepengar og ikkje si opp jobben.

Tiltak på forskning – ha ein bevisst strategi på dette, tilrettelegging for pårørande, informasjon om rettigheiter, meir kunnskap om de skjulte sjukdommane. Differensiert fødselsomsorg, rett kompetanse på rett sted. Små sjukehus; jordmødrer med generalistkompetanse. Realistisk. Digital beslutningsstøtte.

Kvinner med innvandrarbakgrunn. Pasient og pårørande må få tilgang til god informasjon. Rettigheiter – økonomiske konsekvensar med tanke på betaling, utkastelse etc. Rykter ift barnevern etc.

	Fastlegar som ikkje tilvisar kvinner vidare. Tiltak 47 – etablere kjønnsespesifikke tiltak for kvinner og menn – kvinne og rus – viktig å ha dette på agendaen. Avgjerd <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen. Saksinnmeldar inviterast tilbake til Brukarutvalet 12. juni slik at Brukarutvalet kan gje meir konkrete innspel på dei ulike tiltaka.</i>
23/48	Brukarmedverkar til innlegg i paneldebatt om kvinnehelse og kjønnsforskjeller i opent debattmøte om NOU 2023:5 Avgjerd <i>Leiar eller nestleiar i Brukarutvalet deltek. Koordinator informerer saksinnmeldar.</i>
23/49	Høyringsinnspel til Delplan kompetanse 2023-26 Innspel i møtet: • Fleire pasientgrupper kan ha nytte av eit kurstilbod ved Lærings- og meistringssenteret. • Fysisk oppmøte er viktig, då møter ein andre i same situasjon og kan få eit nettverk. Dette kan ikkje ivaretakast på digitale kurs. Digitale kurs bør berre brukast som oppfrisking når eit nettverk alt er etablert. • Ein bør bruke interesseorganisasjonar inn mot kompetanseheving. Sørge for at ein gir opplæring og sikre at pasient- og brukarorganisasjonar kan bli inkludert og vere aktive bidragsytarar. Ein må samkøyre kurs og tilbod med pasient- og brukarorganisasjonane. • Manglar punkt om fleirkulturell kompetanse. • Etterlyser meir konkrete tiltak for psykisk helsevern og rus. Må ha tiltak tidleg nok. Avgjerd: <i>Linda sendar skriftleg tilbakemelding til saksinnmeldar basert på innspela i møtet.</i>
23/50	Brukarmedverkar til KPU i Kreftavdelinga Avgjerd: <i>Atle blir ny representant i KPU Kreftavdelinga. Koordinator gir beskjed til saksinnmeldar.</i>
23/51	Markering av Kva er viktig for deg? – dagen 06.06.23 Koordinator fortalte litt om markeringa av Kva er viktig for deg? – dagen i 2022, og at ein i år tenker ei markering berre i Foajéen i Sentralblokka der brukarmedverkarar frå dei ulike brukarorgana i Helse Bergen står på «stand». I tillegg vil Seksjon for samhandling oppmoda dei kliniske einingane i sjukehuset til å markere dagen med å gå med buttons med «Kva er viktig for deg?». Avgjerd: <i>Frå Brukarutvalet kan Reidun, Linda, Trude, Everline og Michael delta på markeringa.</i>
23/52	Brukarmedverkar til prosjekt «Organisering av blodprøvetaking i Helse Bergen» Avgjerd: <i>Everline Mjømen blir med i referansegruppa. Koordinator informerer saksinnmeldar.</i>
23/53	Orientering om nye nettsider i Helse Bergen ved spesialrådgjevar Lena Kleveland Dahl, Kommunikasjonsavdelinga

	Frå hausten 2023 vil Helse Bergen sine nettsider gå over til ein ny felles nasjonal nettløysing. Pasientretta informasjon blir felles nasjonalt der dei ulike helseføretaka bidrar med tekster, samt godkjenning av desse. Over 50 ulike nettstader skal over på ny plattform. Innholdet migrerast frå gammal løysning til ny løysning. Norsk Helsenett er ansvarleg for dette. Dette skjer i slutten av september 2023. Sidene vil bli meir brukarvenleg og få eit meir likt design som andre helseaktørar. Dei nye sidene vil bli mykje betre på universell utforming, og ein får påminning om dette før ein publiserer. 47 krav til universell utforming. Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tar den til orientering.</i>
23/54	Program Sentralblokken Merethe Storegjerde og Pål Ove Vadset Før sumaren skal det leverast ein rapport på framskriving av sengekapasitet med analyse på kapasitetssituasjonen, belegg i dag og variasjonar i disse, samt beskrive flyt mellom avdelingar. Helse Bergen har eit snittbelegg på 91,6 %, men variasjonen gjennom døgnet er store. Per i dag 512 senger som kan brukast. Innanfor nokre fagområde er det periodevis for høgt belegg. Vi har nok senger, men dei er kanskje ikkje fordelt riktig mellom de ulike fagområda. Framskrivning – behov for 653 senger, grunna eldrebølgja og fleire med behov for innlegging. I 2035 er estimert sengebehov 560 senger. Denne auken skal skje samtidig med at sengepostane skal rehabiliterast, noko som er ei utfordring. Mange ulike løysingar eller kombinasjonar av desse må vurderast. Det er viktig at ein vel fleksible løysingar som er mest mogleg ressurseffektive. Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tar den til orientering.</i>
23/55	Eventuelt Leiar informerer om brev frå Turnersyndromforeininga. Avgjerd: <i>Brukarutvalet tar informasjonen til orientering. Koordinator vil kontakte foreininga og vidareformidle kontakt med Brukarpanelet og leiinga på Kvinneklinikken.</i>